



Det var mange krevjande oppgåver underveis i naturstien. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Tussaturen til turngruppa onsdag kveld vart ein stor suksess, med rundt 90 deltakarar fordelt på over 20 familiar. Janne Hjørnevåg hadde ideen og eit privat arrangement i fjor vart i år gjort 'offisielt'

Arrangørane hadde også vergudane på si side og sjølv om det var litt kjølig var det ikkje eit vindpust og deltakarane hadde ein fin rusletur i skogen inntil Heio. Der fekk dei prøve seg på mange finurlege og også litt halvskumle natursti-oppgåver med etterfylgjande premiering.

Etter turen var det servering av kakao, kaffi, bollar og lappar ved pølsebua - i dei heile eit artig opplegg som var eigna til å sveisa unge og eldre trimmarar enda meir saman.

- Ingen tvil om at dette slo an, seier initiativtakar Janne. Difor er det all grunn til å gjenta opplegget neste år.....

Av Ola Matti Mathisen



Nokre oppgaver var litt halvskumle...(Foto: Ola Matti Mathisen)